

# ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 7 SEPTEMBER 1981 31. årgang

## Cantate Domine

*Ved vigslinga av Søvasskjølen Fjellkyrkje, 23-8-81*

**Kristus vår konge ga kvar av oss kalle':
Gå ut i verda med bodskap frå Gud.
Ordet om frelse lat lyda for alle
menneskebarn — bor dei nord eller sud,
ute i verda — hell' heime i dalen,
lågast i lendet og høgst under fjell.
Gjev dei ditt vitnemål — enkelt i talen.
Såkorn veks først når i jorda det fell.**

**Jesus vår frelsar ser udyrka teigar, —
usådde hjarter må såkornet få.
Ordren er klår: Dit må nybyggast veigar,
kraftliner leggast, så lys dei kan sjå.
Tre tusen bilar seg kransar kring fjelle'.
Tolv tusen sjeler eig trong for Guds ord.
Her må vi kyrkjehus reise og stelle
alt slik at Jesus får duka sitt bord.**

**Herren vår Gud såg oss snåva i starten.
Oppgåva tyktes så tyngande tung.
Motet kom att og snart var vi i farten.
Dugnad vart ordet for gamal og ung.
Høgt var vi oppe og langt var vi nede.
Herren med ordren såg det som var best.
Midlar vart samla og bøner vart bede,
handsrekning gjeve frå aust og frå vest.**

**Gud sendte ordren. No ferdig står huset,
vigd til å fyllast med åndsmakt og fred.
Lovsong skal ljoma og orgel vil bruse.
Bodskap om frelse frå himlen kjem ned.
Mennesker mange vil møta sin Frelsar
her i hans hus og vil barnerett få.
STILLE OG AUDMJUKT VI HERREN VÅR HELSAR.
TAKK HERRE KONGE SOM BAUD OSS Å GÅ.**

**K. R.**

## Søvasskjølen Fjellkyrkje er vigsla

**Det skjedde den 23.8 1981. Biskop Kristen Kyrre Bremer vigsla kyrkja. Ca. 400 mennesker var møtt fram. Det vakre været gjorde nok at så mange fann vegen. Dei aller fleste vart også med til kyrkjekaffe-festen etterpå. Den gjekk føre seg på Søvassli ungdomssenter. Heile dagen vart ein fest frå først til sist. Vi viser elles til referat inne i bladet, men skolesjef Tormod Hagen fann nok akkurat dei rette orda da han ved opninga av gudstenenesten helste kyrkjelyden slik:**

Det er en stor glede, — på vegne av Stiftelsen Søvasskjølen fjellkirke og dermed også på vegne av de fire sokneråda i Orkdal, — å få ønske velkommen hit til vigslingsgudstjenesten.

Et spesielt velkommen retter vi til biskop Bremer og frue, til deltakende prester, til Kalla Skrøvset som rådgivende kunstner, til Orkland mannskor og til spesielt innbudte. For øvrig til alle frammøtte: Hjertelig velkomne hit! Det er en stor glede å ha dere her i dag, alle sammen.

I dag står altså fjellkirka her. Det begynte for 15 år siden, da ble tanken skapt om å reise et sportskapell eller et kirkebygg av et eller annet slag her på kjølen, for at fjellfolket også skulle få anledning til å samles om Guds ord søndag formiddag. Detaljene omkring dette får vi komme nærmere inn på under kirkekaffen, — men spør en etter ideen, drivkraften, hovedgrunnen til det hele, — da tror jeg

Framh. s. 3.

## SLEKTERS GANG



### Døpte

MOE:
21.06. Karianne Beisland
07.06. Jo Krogstad Valseth (d. i Røros k.)
21.06. Lars Øyvind Fagerli
28.06. Kriss Morgan Thuseth
Sindre Arian Thuseth
Marius Thuseth
02.08. Monika Tøndel (d. i Agdenes k.)
16.08. Ivar Mostuen
Kai Oscar Blomli
Gunn Siri Brattli

ORKDAL:
28.05. Janne Wormdal (d. i Rennebu kirke)
14.06. Elisabeth Heggløv
Jannicke Torjul
21.06. Eirik Hagen
28.06. Stian Fagerholt
Thomas Ree
Marit Vedø Tronvoll
05.07. Hildrun Engen
Siri Mette Tiset
26.07. Elin Merete Kvam
09.08. Vegard Lefstad Kvam
Anders Fossum
Nils Harald Belsvik

ORKANGER:
12.07. John Thomas Haug
Frank Robert Bergdal
Inge Hegglund
Kristin Opøien Gjersvoll
Nina Knudsen
02.08. Vegeir Svensson
Grete Benum
06.09. Johan Østeggen



### Vigde

MOE:
11.07. Erik Rye og Brit Bjørndal
18.07. Kjell Roar Karlsen og Ann-Mari Vågan
15.08. Oddgeir Jonny Haugen og Jorunn Snoensgjelen

ORKDAL:
20.06. John Aalid og Bjørg Haugsand
27.06. Leif Jonny Haugen og Ann Reidun Wuttudal
Per Kåre Vinterdal og Heidi Staveli
04.07. Eivind Petter Togstad og Vigdis Sognli
11.07. Jon Reidar Aae og Marianne Pettersen
10.07. Kjell Ove Blomli og Liv Anne Meslo
18.07. Jon Inge Stokke og May Peggy Sterten
25.07. Steinar Snøsen og Heidi Gjengstø
01.08. Karl Elton Kvitberg og Anne Drilen
08.08. Olav Eliot Aastum og Solfrid Rian
21.08. Bernt Ole Knudsen og May Merete Aunan

ORKANGER:
12.06. Trygve Karlsen og Solveig Irene Selnes (v. sorenskr. Orkdal)
10.07. Kjell Olav Berg og Sigrun Sæther (v. sorenskr. Orkdal)
25.07. Stig Ognes og Eli Mo
31.07. Knut Jarle Berg og Ella Kristine Eriksen (v. sorenskr. Orkd.)
15.08. Leslis Arthur Fielding og Gunnbjørg Selnes (v. Snillfj. kyrkje)



### Døde

MOE:
11.06. Erling Svorkmo f. 1905
18.06. Arne Ingolf Mosbakk f. 1913
21.06. Randi Moe f. 1902
03.07. Randi Bjørnbeth f. 1890
12.07. Bernt Rønning f. 1892
19.07. Anne I. Asbøll f. 1899
28.07. Olav Georg Øvervik f. 1916
12.08. Ole O. Skjølberg f. 1903

ORKDAL:
10.06. Ingeborg Torgersen f. 1903
09.06. Ole Vassli f. 1901
Eline Skorild f. 1894
24.06. Morten Andøl f. 1909
28.06. Berit Garberg f. 1905
01.07. Marie Martinsen f. 1898
05.07. Sigrid Forvemo f. 1904
06.07. Anne Asbjørnslett f. 1900
12.07. Andreas Ekli f. 1893
28.07. Jørgen Overvik f. 1908
30.07. Kornelia Petra Vassli f. 1905
09.08. Johan Dørdal f. 1915

ORKANGER:
19.06. Klara Johanne Næss f. 1904
02.07. Inge Olav Løkken f. 1937
09.08. Jonetta Holdvakt f. 1888
11.08. Aslaug Skaugen f. 1895

GEITASTRAND:
17.06. Helga Sletvold f. 1901

Orkanger Ur og Optikk
Verner Svensson
7300 ORKANGER
Telefon (074) 80 195

SKOTØY
for hele familien.

Ingv. Solbu eftf.
Orkedalsveien 71
7300 Orkanger

Bestill time for fotografering.
Fotograf J. Sødahl
Tlf. 80259
Orkanger



MENIGHETSBLAD
for Orkdal prestegjeld
7330 Svorkmo
Utgitt av sokneråda i Orkdal
Redaksjonsnemnd:
Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkjel
Agnes Singstad
Redaktør:
Kaare Rogstad
Kasserar:
Einar Garberg, 7320 Fannrem.
Postgironummer 3 26 87 29.
Takk for gåver og kontingent.
Ekspedisjon:
Sigmund Gjelsvik, 7300 Orkanger.
Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo
7330 Svorkmo.

## Vel møtt kyrkjelydar

til ein ny haust, med nye oppgåver og nytt pågangsmot. Vi kan ynskja to nye medarbeidarar velkomne imellom oss: ettåring Astri Solheim og kateket Halldor Solheim. Begge gjev uttrykk for at dei gler sog over å skulle vera orkdalingar og få arbeida i Guds rikes vingard. Kyrkjelydane kan gle seg over unge, friske krefter. Vi ønsker dei av hjartet «VELKOMNE I GUD».

Ved kongelig resolusjon har vi i sommar fått to nye liturgier: for barnedåp og for gravferd. I tillegg er det ved kgl. res. gjeve høve for barn ned til 6 år å gå til nattverd. Underskrevne har bede res.kap. om å fortelja meire i detalj om dette. Det står ein annan stad i bladet. Vi prestar har vorte einige om ikkje å ta nyliturgiane i bruk før dei har vore omtala i menighetsbladet. No tar vi dei i bruk frå 1.10.

K. R.

## Søvasskjølen Fjellkyrkje er vigsla - -

Framh. fra s. 1.

vi finner den uttrykt i Romerbrevet 10, 1: «Mitt hjertes ønske og min bønn til Gud for dem er *at de må bli frelst.*»

Jeg tror det må være rett å si at *dette* har vært, — og må alltid vært, — drivkraften bak all den virksomhet som skal skje her. Måtte denne nøden for medmenneskenes frelse bare bli riktig stor i mellom oss! For dette er nemlig egentlig det ene, store oppdraget vi har iflg. Guds ord: Å forkynne evangeliet til frelse for menneskene. Måtte evangeliet om Jesu Kristi forsoning og nåde og frelse bli forkynt rikelig her, slik at folk kunne få gå inn og gå ut og høre seg frelst og fornya.

På denne bakgrunn er det vi i dag har en stor gledens dag, alle som har stått for, alle giverne, alle forbederne, alle som har deltatt i dugnad, alle som har vært interessert i prosjektet. For oss alle er dette en festdag vi aldri får maken til. Sjøl om det er synbart for alle at ikke alt er ferdig ennå, det står mye igjen, det er lett å se, så er vi kommet så langt at fjellkirka står her nå og er en realitet som den 5. kirka i Orkdal. Den skal også dekke de omliggende kommuner. Mange tak har vært tatt og nye tak skal tas her, — men i dag er det nærliggende for oss å si med salmisten at *«dette er dagen som Herren har gjort»*. Det er *gleden* og *fryden* som fyller oss i dag og sammen skal vi i takknemlighet få samles i glede om Guds ord slik det er uttrykt i Salme 100:

En salme til takkofferet
La hyllingsrop lyde for Herren,
all jorden.
Tjen Herren med glede,
kom frem for hans åsyn med jubel.
Kjenn at Herren er Gud.
Han har skapt oss
og ikke vi selv,
til sitt folk
og til den hjord han før.
Gå inn i Hans porter med pris-i
hans forgårder med lov.
Pris ham — Lov hans navn.
For Herren er god.
Hans miskunnhet varer til evig tid.
Hans trofasthet
fra slekt til slekt.

### Hilsen fra ettåringen i Orkland

## Gleder meg!



Hei og hå! Astri Solheim heter jeg og dette skoleåret skal jeg være ettåring her i menigheten. Selv om jeg går under tittelen ettåring rundet jeg de 19 i vår, og har rukket å gjøre meg ferdig med gymnaset. Som en videre presentasjon bør nevnes at jeg kommer ifra Trondheim. (Æ kjæm ifrå by'n)

Som ettåring (også kalt korttidsarbeider) vil en stor del av jobben min bestå i barne- og ungdomsarbeid. Speider'n, ten-kvelder, Yngres, skolelagsbesøk for å nevne noe. Jeg vil også satse på å besøke de eldre i bygda. Ellers håper jeg å få tid til å bli kjent med menigheten. Kanskje stikker jeg innom litt her og der. Å være sammen med andre mennesker er givende og lærerikt.

Jeg har sett fram til dette året med spenning og optimisme. Jesus har mye å gi oss, og dette skal vi så få dele med hverandre. «La Kristi ord få rikelig plass hos dere, så dere med visdom kan lære og rettlede hverandre.» «Kol. 3, 16)

Det er mitt ønske og bønn at vi alle må få se mer av Kristi kjærlighet, og at vi får hjelp til å ta imot denne gaven. Jeg gleder meg til å se hva Gud vil gjøre i Orkland dette året. Vi har store løfter å gå på. Jesus vil være med oss i arbeidet. Skulle ikke det være grunn nok til store forventninger?

Vennlig hilsen
*Astri Solheim*
ettåring

# HØYTIDSDAGEN



«Dette er dagen som Herren har gjort, la oss fryde oss og glede oss med den».

Med disse ordene fra salme 118, 24 avsluttet Kaare Rogstad vigslingsdagen for fjellkirka. Og det var vel slik vi følte det. Det var dagen som Herren hadde gjort. Mang en motbakke og mangt et tak lå bak — endelig var målet nådd. Det ble en høytidsdag og en gledens dag. Da klokkene for første gang ringte inn til gudstjeneste over Søvasskjølen var det nok mange som måtte tørke en tåre i øyekroken.

Biskop Bremer forrettet vigslingsgudstjenesten. Med i prosesjonen var ellers: Prost Rogstad, sogneprestene Olav Olsen, Einar Koren, Inge Eidhamar, Frode Kristiansen og Bjørn Sverre Kolshus, Res.kap. Aasen og kallskap. Slettahjell, Johan Hukkelås, Åge Garberg, Jens Indergård og Haldor Solheim.

Biskop Bremer talte over dagens tekst Jer. 18, 1 - 10. Etter prekenen knelte prestene i bønn og kirka ble vigslet. Det var stille høytid da forsamlingen reiste seg og ordene lød: «Så ærklærer jeg denne kirke med alt som hører den til viet og helliget til Guds ære og hans menighets oppbyggelse».

Orkland mannskor deltok og sang til slutt Cantate Domine. Vigslingskantate skrevet for dagen av Kaare Rogstad og Hallvard Morken. Organist var Steinar Jakobsen. Deretter ga kunstneren Kalla Skrøvset en orientering om det hun ville framstille i alterteppet. Det er forøvrig knyttet av Anne Eldevik etter tegning av kunstneren og er blitt et meget vakkert kunstverk.

Også denne dagen hadde Søvassli ungdomssenter åpnet sine dører til kirkekaffe og de fleste av de ca. 350 frammøtte var med dit. Her framførte Anders P. Kvåle sin fine prolog for dagen. Tormod Hagen gav et historisk tilbakeblikk og det ble overlevert nøkler. Flere hadde taler og hilsener og det ble overrakt gaver til fjellkirka. Av de som hadde ordet nevner vi Einar Koren og Inge Eidhamar — to som har lagt ned stor innsats for å få fjellkirka reist.

Formann i styret for fjellkirka Tormod Hagen og kasserer Åge Garberg fikk overrakt blomster av formann i Orkdal sokneråd Ivar Konrad Gangås. Nøyaktig tall på dagsverkene har vi ikke, sa han, men vi vet at deres innsats for å få reist kirka har vært imponerende. I pengegaver og offer på vigslingsdagen kom det inn kr. 16 000! Takk til alle som gav!

I alt som ble sagt denne dagen klang ordene fra vigslingsritualet igjen: « — til Guds ære og hans menighets oppbyggelse.» Dette er målet for fjellkirka. Vi vil bygge Guds menighet. Vi vil kalle mennesker til omvendelse, frelse og tjeneste for Jesus.

A. B. S.

Helårs-
trim

SPORT

A. Todal's
Eftf.

Tlf. 80 278
Orkanger.

GÅVER, framh. frå s. 8
Tuflåt 25. Kjell Solberg 20. Inga Bjørnbeth 30 Margit Ekli 50. Olav G. Eikli 30. Erling Luth ? 30. Rolf Kjelstad 30. Aslaug Hansen 50. Erling Hansen 30. Lina Eriksen 25. M. Hallien 40. Jørgen Digerås 50. M. Kvaale 25. John Wuttudal 20. Bjørg Engløkk 50. John Gimse 30. Jarle Bratlie 50. Ellinor Nystykket 100. Per Ødynn 40. K. O. Erlandsen 25. J. Haugen 30. Orkdal Meieri 100. Martin Morken 30. Grete Wormdal 100. Arne Sognli 50. Karen Blomli 25. E. og S. Kvaale 50. B. S. 30. Lars Eggan 50. Tora Hagen 50. Elfrida Snøsen 50. A. Ljøkelsøy 25. Ruth Selbekk 30. Hans Sommervold 50. Marie Gisvoldløkk 20. Alfred Odd...? 20.

---

**Øvre Orkdal Historielag**
**Kontingenten 1981**

**Er den ikkje betalt, så betal den no, da slepp me fleire utgifter til porto m.m.**

**Kasseraren**



## Orkdal menighet

### 20.9. er det Prostiets dag i Orkdal

Det var Meldal som skulle ha arrangert denne prostiets mønstringsdag i år — men da kyrkja der brann ned — vart prostidagen flytta til Orkdal. Det vert gudsteneste i Orkdal kyrkje der domprost Tron Tronsen taler. Korsang. Kl. 14.30 blir det festmøte i Samfunnshuset på Grøtte. Festtalar blir Tronsen. I pausen er det høve til å kjøpa seg middag på Fannrem kafe. Alle velkomne.

### 27.9. kl. 20

er det møte på Stokkhaugen bedehus. Der er dr. Nygård talar over emnet: «Tanker om lidelsesproblem». Prost Rogstad held andakt.

### 4.10.

set gullkonfirmantane frå 1931 kvarandre stevne i Orkdal kyrkje. Sokneprest Gustav Kamstrup Høyem vert med som festtalar både i kyrkja og under festen etteråt.

### 25.10.

arrangerer Trøndelag kristelege sangerforbund konsert i Orkdal kyrkje kl. 16.

### Ved ofringa

i Søvasskjølen fjellkyrkje på vigslingsdagen 23.8. kom det inn kr. 13 375,—. Det er sanneleg noko å takka for.

### Høgtalaranlegget

i Orkdal kyrkje har vorte heilt umogleg det siste året. Vi bed om orsak om det no ikkje vert brukt før vi har fått det heilt i orden.

### Automatisk ringing

har Orkdal kyrkje fått innstallert i sommar. Fredag den 10.7. 1981 var det i bruk for første gong under ei gravferd.

### Familiemusikk

Foreldre, barn og unge, har dere lyst til å være med å lage en familiemusikk? Vi øver rundt i hjemmene, og første gang hos Langtinn onsdag 9. sept. kl. 18.00. Vil du vite mer om familiemusikken kan du ringe Langtinn telef. 80 098.

**SØVASSKJØLEN FJELLKIRKE**

postgiro 3675436 GJØLME.
EI KIRKESAK FOR ALLE I ORKDAL.

## Orkland menighet

### Ungdomsarbeidet

Også denne hausten lagar vi til tenkveldar for ungdomar som har begynt på ungdomsskolen og oppover. Helga 16. - 18. okt. blir det også week-end på Mjuklia saman med ungdomar frå Fannrem. Ungdomsarbeidet i Orkland er eit samarbeid mellom I.U.F. og menigheten. Det faste ledd på kveldene vert vår eittåring saman med ein fin flokk ungdomar som medhjelparar. Her er programmet for første tida:
18. sept. kl. 19.30: Ten-kveld
2. okt. kl. 19.30: Ten-kveld.

### Familiegudsteneste

Søndag 11. okt. kl. 11.00 i Moe kyrkje. Da blir det utdeling av «Mi kyrkjebok» til alle 4-åringar, så møt opp i kyrkja. Førskolebarna på Svorkmo vil synge under gudstenesta. Og etterpå blir det kyrkjebrus/kaffe på Svorkmo misjonshus med litt program.

### Vår-heim-kveld

Universitetslektor Oddbjørn Evenshaug kjem til Svorkmo Samfunnshus fredag 25. sept. kl. 20.00. Evenshaug er ein kjent barnepsykolog og laga for nokre år sidan ein serie program i TV om barnet. Ein del av dykk hugsar det sikkert. I tillegg til Evenshaug vert det sangkrefter med på kvelden og det vert som vanleg bevertning og utloddning.

### 25 års, 50 års og 60 årskonfirmantar

Søndag 27. sept. vert det jubileum i Moe kyrkje der jubilantane vil vere tilstades under gudstenesta. Det vert sang av Orkland mannskor i gudstenesta. Etterpå vert det middag og kaffe for alle jubilanter på Svorkmo Misjonshus. Her vil det og bli sang og dessutan vil Anders P. Kvåle delta.

### Konfirmantfest

Fredag 9. okt. kl. 20.00. Alle konfirmantar med foreldre vert innbudt til fest av Orkland sokneråd. Her vil sanggruppa Alternativ fra Meldal synge. Kateket Haldor Solheim vil holde andakt. Filmen «Time to run» vil bli vist. Elles leiker og bevertning.

### Trøyst til sørgjande

Orkland sokneråd har vedteke å kjøpe inn den fine boka: «Når en av våre kjære går bort». Denne boka vil bli gjeven til dei næraste ved kvart dødsfall i soknet vårt. Mange menneske har funne stor trøyst og god hjelp i denne almenmenneskelege boka.

### Haustfest

Søndag 4. okt. kl. 19.00 skipar NMS til haustfest på Svorkmo misjonshus. Her vert det sangkrefter og det vert tale ved prost Rogstad og misjonær Gunhild Lund.

### Eldretreff

Torsdag 10. sept. kl. 11.00 på Svorkmo misjonshus. Her vert prost Rogstad med og fortel om gamal overtru og han vil og halde andakt. Vi helsar på vår nye ettåring. Sangkrefter. Bevertning. Buss frå Hoston kl. 10.00 om Monset.

### Speidararbeidet

Frå hausten av kjem vi igang med stifinnarar igjen, så vi får dei i tillegg til meisane, ulvungane og speidarane. Her er møtetidene på Svorkmo Stasjon (Speiderlokalet).

### Stifinnarane

Tirsdag kl. 17.00.

### Speidarane (Gutane)

Onsdag kl. 17.00.

### Meisane

Torsdag kl. 17.00.

### Ulvungane

Fredag kl. 17.00.

### Vårliv

Mandag 14. sept. kl. 20.00. Møte hos Anne Lie.

### Røddelaget

Mandag 28. sept. kl. 20.00 hos Jostein Dalen.

### Misjonssambandet

har haustofferveke i tida 28. sept. til og med 3. okt. Talar vert Jostein Høyvik.

---

## Geitastrand menighet

### 11.10.

blir det konfirmantjubileum i Geitastrand. Da må alle jubilantar møta fram. Merk av dagen straks og lov ikkje noko anna til da.

### Soknerådet

har bestemt at det fra 1.10. skal koste kr. 10 å følge kirkebussen til Strandkirka.

**OPPFOTOGRAFERING AV GAMLE BILDER**

**Gjør familieveggen komplett. Vi hjelper Dem med dette.**

Fotograf Kvarsnes

Plater og musikk-kassetter stort utvalg i gitarer.

**Tlf. 80 356 Orkanger**

Kjolen

finner De hos

Dagny Korsli A.s

BARDSHAUG

Tlf. 80 395

Trelast og bygnings-artikler på lager. Gunstige priser

Orkdal Sag & Høvleri

Tlf. 82265

Orkanger Gartneri

**Orkedalsvegen 10**

Inneh. Oddny Blomli

Tlf. 80 348

**Alle sorter blomster til alle slag anledninger. Kistepynt utføres.**

Svorkmo Prenteverk A/S

**Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidsskrifter, forretningstrykk m.m.**

**Telf. og post: 7330 Svorkmo.**



# Ny kateket

Den 15. juli begynte jeg som kateket i Orkdal prestegjeld, og jeg er i den anledning blitt bedt om å skrive en liten presentasjon av meg og min familie til menighetsbladet.

Navnet mitt er Haldor Solheim, og jeg er 27 år gammel. Jeg kommer fra Ørnes, som ligger i Meløy kommune i Nordland fylke. Av utdannelse er jeg lærer, og har foruten 3 år ved Levangen lærerskole, tatt kristendom grunnfag ved Norsk Lærerakademi, Bergen. Før jeg kom hit, avtjente jeg siviltjeneste ved Hallsetheimen, Klæbu.

Kona mi heter Else, og er født Halsteinli. Hun er fra Trondheim, men har sine røtter tilbake til Orkdal: faren hennes kommer opprinnelig fra Stokkhaugen. Hun er 23 år, og er også lærerutdannet. I sommer fikk vi familieforøkelse, i det vi fikk vårt første barn — Merete. Vi har flyttet inn i Geitastrandveien 14, Orkanger, og har funnet oss godt til rette der.

Det er med spenning vi går til denne tjenesten, men samtidig med en trøst i Herrens eget ord om at han skal være med alle dager. Vårt ønske er at også vi skal få være med blant de små som Gud kan bruke for å fremme sitt rike på jorda.

Hilsen

*Haldor Solheim*

## Orkanger menighet

### Indremisjonen

arrangerer høstfest på Orkanger bedehus torsdag 10.9. kl. 19.00. Vi ønsker velkommen til den nye distriktssekretærfamilien Ødegårdsstuen. Bevertning. Hele familien er velkommen.

### Ungdomsarbeidet

Vaffelhjertekveld på bedehuset torsdag 17.9. kl. 19.00. Leker, konkurranser, film, sang og andakt.

### Hele menigheten synger

søndag 4.10. kl. 18.00 i Orkanger kirke. Se nærmere kunngj. i ST.

### VED

Til Fjellkirka trengst det ved for vinteren, — er det noen som har litt å avse? Ring Prestekontoret tlf. 80 000, eller prestene privat.

**Bøker Leketøy Papir Damevesker**

Nik. Konstads Bokhandel

7301 Orkanger



## MENIGHETSRÅDSVALG / SOKNERÅDSVALG

Den 15. november skal det holdes menighetsrådsvalg for Orkland og Geitastrand menighet, mens valgene for Orkanger og Orkdal menighet blir den 22. november. Valgene blir holdt i de respektive kirker, *fra kl. 12.30 til kl. 14.00.* (etter gudstjeneste)

Alle som bor innenfor disse sokn, og senest valgdagen har fylt 18 år har stemmerett, såfremt de ikke er utmeldte av den norske kirke eller er fradømt stemmerett. Manntallet ved høstens stortingsvalg minus utmeldte av den norske kirke legges til grunn for stemmegivningen. Manntallet blir utlagt til gjennomsyn på preste- og menighetskontoret på komm.senteret Bårdshaug, fra 15. sept. og i 1 mnd.

Personer som ikke står i manntallslista, men mener seg å ha rett til å stemme, må melde dette til men.rådsformannen i de respektive menigheter innen 1 måned før valget. Soknerådsvalgene foregår som flertallsvalg, så fremt det ikke innen 1. oktober d.å. er innkommet skriftlig krav fra minst 10 personer med stemmerett om at valget skal foregå som forholdstallsvalg. Kandidatlister kan settes opp av 10 stemmeberettigede. Antall kandidater på lista skal minst tilsvare antall medlemmer og varamenn, men ikke overstige det dobbelte antall. Fristen for innlevering av kandidatliste er satt til 20. dag før valget, og forslagsstillernes navn skal føres opp øverst på kandidatlisten.

*Jostein Dalen,* form. i Orkland. *Ivar K. Gangås,* form. i Orkdal.
*Audun Berg Slettahjell,* form. i Orkanger. *Gunerius Kjøren,* Geitastrand.

# Tre nye ordningar

## for barnedåp

Vi har alt gjort oss kjende med den nye høgmesseliturgien vår som etter dei flestes meining er langt betre enn den gamle. Språket er meir opp til vår tid, og ikkje minst har den glade lovsongen fått prege gudstenesta.

Det har i lengre tid vore arbeidd med dei andre liturgiar i vår kyrkje slik at desse også kunne bli fornya både språkmessig og innhaldsmessig.

Dåpsliturgien er no godkjendt. Er det store forandringar? Til det kan vi seie eit bestemt nei. Og like vel, det er nokre forandringar ikkje minst i rekkefølga på dei enkelte ledd, og vi har dessuten fått 2 nye ledd, og dei ledda som vi har frå før er meir utdjupa og konkretisert.

Vi vil som kyrkje markere enda sterkare kva som skjer i dåpen. Det er ikkje nokon navneseremoni, men eit forunderleg Guds under skjer med oss i dåpen. Dåpen er frelsesbandet ut frå mørket og over på Guds side. Dåpen er middelet Gud har gjeve oss inn i barnekåret til seg.

For å få dette sterkare fram har vi fått eit nytt ledd i liturgien etter at dåpsbarna er komne inn i kyrkja. Dette leddet kallast «inngangsord». I tilknytning til inngangsorda kan presten halde ein kort tale. Dåpssalmen kjem først etter denne talen. Noko anna som er nytt er bøna ved døpefonten etter at vatnet er kome på plass, ei bøn om at barna må bli hos Kristus når det veks opp.

I orda til faddrane om deira ansvar i å hjelpe barnet fram på himmelvegen, så er det kome med at dette er ikkje berre faddrane og foreldra sitt ansvar, men og den truande kyrkjelyden sitt —.

Praktisk bør vi legge merke til at dåpslua skal takast av medan dåpsbarna enda er i kyrkjas midtgang, før dei kjem fram til døpefonten.

Foreldre til dåpsbarn vil få nøye gjennomgått den nye liturgien på prestekontoret slik at dei kan kjenne seg trygge. Vi trur at den nye dåpsliturgien vil gjere det lettare å gripe Guds forunderlege handling med oss i dåpen.

## for gravferd

Den nye gravferdsliturgien er også ferdig utarbeidd og godkjendt no. Kva er siktemålet med den nye gravferdsordninga? Siktemålet er ei kyrkjeleg handling med gudstenesteleg karakter. Dei einskilde delane av handlinga, så som pynting, symbol og kranspålegging må høva inn i denne heilskapen. Ein bør syna måtehald med bruk av ljos, kransar, blomar og liknande. Salmar og songar skal føråt godkjennast av den presten som har tenesta. Musikken må godkjennast av organisten. Kva er forandringa?

Størst forandringa er dette at rekkefølga av ledda er annleis. Og dessutan så starter no kvar gravferd med klokkeringing før preludium.

Det som eventuelt skal seiast om avdøde har fått eigen plass etter første salmen. Like etter desse minneorda kjem så kranspålegginga.

Vi gjev her rekkjefølga av dei ulike ledda i gravferda:

1. Klokkeringing
2. Preludium
3. Salme
4. Helsing og bønn
   Herunder minneord og kranspålegging
5. Skriftlesning
6. Salme (om ein ønskjer det)
7. Kort tale
8. Bønn
9. Salme
10. Postludium (Under dette vert kista utboren)

## om barna og nattverden

«Barn som har fylt 6 år kan gjevast adgang til nattverden i familiesamanheng og i særlege tilfelle elles».

Dette er det nye i vår kyrkje når det gjeld borna og nattverden. Frå før har det vore slik at born over 12 år har fått del i nattverden, medan mindre born har vorte velsigna ved alterringen. Kvifor har bispemøtet bestemt ei ny aldersgrense? Borna kan ha ei tru som opnar seg for Herren og gåvene han har å gje. Ja, bornas tru er i Nytestamentet vårt trekt fram som eit forbilde. Difor bør også borna få møte sin Herre i nattverdens store under.

Men ingen born må pressast til å delta i nattverden, det må komme som eit ønske frå barnet.

I rettleiinga frå biskopane vert det understreka at barna bør gå til nattverd saman med foreldra. Skulle ikkje dette vere muleg, bør barna gå saman med ein vaksen kristen. Og det bør da drøftast med foreldra og presten.

Foreldra bør også førebu barnet til altergangen. Dette kan gjerast på forskjellige måtar. For dei som ønskjer hjelpemiddel så har I.K.O. gjeve ut to fine hefter om dette.

«Nattverd i Guds hus» for 6 - 7 åringar.

«Saman til Herrens bord» for 10 - 12 åringar.

Begge hefta er illustrerte og har ei enkel innføring i dei viktigaste sidene ved nattverden.

*B. Aasen*

# VELKOMEN TIL KYRKJA

*13.9. 14. s. e. pinse*
— Geitastrand k. kl. 11. Familiegudsteneste v. kalls.kap. Slettahjell. Konfirmantpresentasjon. Offer til søndagsskolen.

— Søvasskjølen fjellkyrkje kl. 12.00. Høgmesse v. prost Rogstad. Offer til kapellet.

*20.9. 15. s. .e pinse*
— Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v. domprost Tron Tronsen og res. kap. Aasen. PROSTIETS KYRKJEDAG. Nattverd. Offer til Orkdal prostiråds arbeid.

*27.9. 16. s. e. pinse*
— Orkanger k. kl. 11. Høgmesse ved kalls.kap. Slettahjell. Nattverd. 50 års konfirmasjon. Offer til nytt menighetshus.

— Moe kyrkje kl. 11. Høgmesse ved res.kap. Aasen. Konfirmantjubileum. Nattverd. Offer til Menighetsarbeidet.

— Søvasskjølen fjellkirke kl. 12.00. Sportsandakt v. kateket Haldor Solheim.

*4.10. 17. s. e. pinse*
— Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v. prost verd. Offer til menighetsarb.

— Støylen skole kl. 11. Gudstenestleg møte v. kalls.kap. Slettahjell.
— Kjørmoen kl. 11. Gudstenestleg møte v. res. kap. Aasen.

*11.10. 17. s. e. pinse*
— Orkanger k. kl. 11. Høgmesse v. kalls.kap. Slettahjell. Offer til menighetsarbeidet.
— Geitastrand k. kl. 11. Høgmesse ved prost Rogstad. Nattverd. Konfirmantjubileum.
— Moe kyrkje kl. 11. Familiegudsteneste ved res. kap. Aasen. Offer til barne- og ungdomsarbeidet.
— Søvasskjølen fjellkirke kl. 12.00. Sportsandakt v. rektor Peder Jensen.

## JONI-FILMEN TIL ORKDAL

Onsdag 30.9. og torsdag 1.10. kl. 18.30 blir filmen om Joni vist i Orkdal komm. kino. Dette er en gripende film fra virkeligheten som forteller om den amerikanske jenta Joni Eareckson liv fra den dagen i 1967 da hun stupte på grunt vann, brakk nakken og ble lam fra nakken og ned. Vi følger Joni gjennom depresjon og selvmordstanker etter ulykken fram til i dag da hun kan si: «Jeg vil heller sitte i denne rullestolen sammen med Jesus, enn å springe rundt uten ham!»

Vi anbefaler alle, både unge og eldre å se denne filmen. Det er en gripende fortelling om hvordan Gud kan lede og hjelpe også gjennom lidelsen. Etter forestillingen på torsdag blir det samtale om filmen i kantina på kommunesentret.

———

S ORKLA SAMVIRKELAG
Domus, dagligvareavd.
Byggevarer, Rør og Sanitær
El.installasjon, Norol-senter,
Systemhusavd., Seviceavdelinger

SØLVVARER
til
BARNEDÅP BRYLLUP
KONFIRMASJON
Gullsmed
John Røhme
7300 Orkanger

## Gåver til bladet

7300 ORKANGER:
A. Metliås 40. Svein Storm 100. Alf Melby 20. Kristmar Levin 50. Olav Kvikne 25. Ole Kattem 20. Henry Olsen 30. Jorunn Berg 25. Rolf Trønsdal 25. Arne O. Togstad 30. Sverre Kvernmo 30. E. Holt 25. Kolbj. Haugen 25. Johanne Eggan 20. Arne Røhmesmo 25. Gunvor Mostad 50. I. og J. Viggen 30. Hilma Bye 20. O. Haugen 100. Jostein Kvakland 20 Ole Kjøren 25. Astrid Leknes 30. Arnt Fr. Øien 30. Karen Svensson ? 20. Randi Finstad 30. Am. Sletvold 20. Mary Røhme ? 30. Dordi Kvernrød 20. H. og O. Bach 20. Birger Elvbakken 30. B. Rømme 30. Johanna Hansen 100. H. og A. Dahlø 25. Petra Melby 30. A. og J. Singstad 50. Anne Fergestad 25. Andreas Helbæk 50. Laura Krogstad 30.

7310 GJØLME:
E. og G. Hukkelås 30. Kjell Sognli 30.

## HELGAVAKT

**12. - 13. sept: Rogstad**
**19. - 20. sept.: Aasen**
**26. - 27. sept.: Slettahjell**
**3. - 4. okt.: Rogstad**
**10. - 11. okt.: Slettahjell**

Per Landrø 20. Berit Ofstad 50. Marit Sletvold 20. G. Bjørnbet 50. Marit Kvakland 50. S. og M. Kvakland 30. Odd Hukkelås 50. Kari J. Reitan 20.

7320 FANNREM:
Guri Kusether 30. Inger Myren ? 20. A. Bakksæter 30 .J. I. Kvåle 42. Berit

Framh. s. 4

**ORKDAL MINNEFOND**
**De får blankettar hos:**
Gunnar Melås, Kåre Gjønnes, Johan Fagerholt, Sissel Solem, Einar Bjørndal, H. Sivertsen, Borghild Asphjell, Dagny Korsli, Harald Hukkelås. Bankane. Alfhild Engen.

**ORKLAND MINNEFOND**
Blankettar hos:
Klara Aamot, 7330 Svorkmo
T. Rein, Vormstad, 7330 Svorkmo
M. A. Staveli, 7334 Hoston

**ORKANGER MINNEFOND**
Blankettar hos: Harald Hukkelås
Bankane.

**GEITASTRAND MINNEFOND**
Blankettar hos:
Gunerius Kjøren